

Våre livsmotto.

Logen vår er grunnlagt på tre ideal, Vennskap, Kjærlighet og Sannhet. Leir-institusjonen opererer med ei liknande tredeling- tru, håp og barmhjertighet. Sjølv om ordlyden er ulik, er siktemålet rimeleg samanfallande, så utfordringa blir korleis me kan gjera desse ideala konkrete og så aktuelle at me tar dei på alvor.

Har me verkeleg tru på det prosjektet me skal realisera, å bli betre menneske, meir menneskekjærlege, meir medmenneske. Det me ikkje har tru på, lar seg sjeldan gjennomføra, og sjølv om me trur, dvs. er overtydde om at det lar seg gjera, og til og med vil at det skal bli slik, deler me nok ofte Peer Gynt sitt hjartesukk: «Tenke det, ønske det, ville det med, men gjøre det-nei det skjønner jeg ikke.» I valets dilemma er ofte Bøygen og trolla si løysing den enklaste: «Gå utenom, Peer».» Troll, vær deg selv nok».

Det seiest at tru kan flytta fjell. Men dei to fjella som først og framst stengjer for utsynet til min neste, likegyldighet og eigennytte, er ikkje lette å flytta på, og ganske harde å bryta ned. Ein gammal vismann sa det slik: «Dråpen holar ut steinen, ikkje med kraft, men ved å falla ofte.»

Me skal ikkje forakta skippertaket, men det er det kontinuerlege arbeidet og samarbeidet som må til, skal me klara å opna ein farbar veg til våre medmenneske. Dessutan, det må rett reiskap til om fjellet skal bli lågare. Brukar me det finaste slipepapir, polerer me berre overflata, og det er vårt eige spegelbilete som møter oss. I ei fjesbok- og selfie- tid tykkjer mange det er godt nok.

Håp er eit vakkert ord, og lett å bruka for den som har fått stetta dei fleste behov. Det er verre for den som sit i utbomba ruinar eller ser ut over eit uttørka landskap og ikkje veit kor neste matbit skal komma frå, den som berre lever for den neste heroinsprøyta, og den som har

fått den endelege dommen frå spesialisten- sjukdommen lar seg ikkje lækja.

Vårt håp er at me skal klara å gjennomføra prosjektet vårt, praktisera den nestekjærheten me snakkar om. Men det betyr i neste omgang at me blir bærarar av andre sine håp, håp om mat i magen, håp om ly for kulden, håp om ein arm til støtte i kvardagen, ei hand som held fast, ei stemme som trøystar.

Når barmhjertigheten bankar på mi dør, har eg to val. Eg kan i frykt for konsekvensane nekta å lukka opp, og må ta til takke med skrifta på veggen: Eg var svolten, og du åt på deg sjukdommar. Eg var tørst, og du drakk deg sanselaus. Eg var utan klede, og du knepte pelsen tettare kring deg. Eg var sjuk, og du vaksinerte deg. Eg var framand, og du stengde grensene, deg sjølv nok.

Men opnar eg opp, møter eg ei kraft som ikkje kjenner grenser. Den deler ut sine gåver til verdige og uverdige, til skuldige og uskuldige. Barmhjertigheten bryr seg ikkje om rase, nasjonalitet, utdanning, sosial status, kjønn, legning, fiendar eller vener. Barmhjertigheten er tolerant, den er velvillig, snur alltid det andre kinnet til, kjenner ikkje på misunning, blir ikkje bitter, skryt ikkje, gjer ikkje noko usømmeleg, ser aldri på kva som tener eigennyttta, ventar ikkje belønning, tar den svake sitt parti, overser ikkje urett og mangel på rettferdighet, men gler seg når sanninga vinn fram.

Barmhjertighet er nestekjærighet i praksis. Vågar me å ta i bruk denne gåva og møta den livslange utfordringa som ligg innebygd, med det arbeidet det krev, anten me er i loge eller leir? Hugs at berre den kjærighet som blir delt, fører til lukke, berre den kjærighet som blir sløst med, aukar kapitalen, og den kjærighet du berre sit og ventar på, kjem aldri.

Prøver me å gå barmhjertighetens ærend, vil me oppdaga at denne krafta er nyskapande, den kan endra livet totalt for den som er

mottakar, men kan og forandra oss som ønskjer å vera medmenneske i kvardagen. Det er kanskje noko i ordet: Det er saligare å gje enn å få.

Når min uvenn og fiende ligg skamslått i grøfta, er det lett å tenkja:
Det var til pass, men barmhjertigheten seier: Der ligg ein bror i naud,
og din gode gjerning bergar livet hans, og gir han framtid og håp.

Når den rike tollmannen Sakkeus møter barmhjertigheten si utstrekte hand så totalt uventa, blir alle tidlegare verdiar snudde på hovudet.
«Helvta av alt eg eig, gjev eg til dei fattige, og har eg truga pengar frå nokon, gjev eg firedobbelt att.»

Barmhjertigheten sin skugge er tilgjeving. Den dagen me står med moralismen, skadefryden og hemnen sine skarpe, iskalde steinar i dei lukka hendene våre, spør han oss: Er du plettfri, er du utan skuld?

Og ho som svik kjærigheten, og i nederlaget og tomheten sin bitre time ventar på dommen og straffa, vert møtt med tilgjevinga sin nåde og kan gå mot framtida med lagnaden i sine eigne opne hender.

Kjære brør og patriarkar. La oss løfta kvarandre opp og fram til å verkeleggjera dei abstrakte ideala våre, for

Det heiter ikkje: EG no lenger.

Heretter heiter det: VI.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.

Alt det som bror din kan ta imot av lykka di,
må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din,
må du ta på deg.

Det er mange ikring deg som frys,
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stør herd,
barm slår imot barm.

Det hjelper da litt, nokre få forfrosne,
at DU er varm!

(H. M. Vesaas)

Bita 2017